

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 16.6.20

Stad: Fjordsenteret

Sak 29/20. Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2020

Saksopplysning/vurdering:

Fjellstyret vedtek til vanleg ein plan for utsetjinga før kvar sommar. I dei regulerte vatna skjer fiskeutsetjinga i samsvar med reguleringspålegg til E-co. Desse vatna vert såleis ikkje omfatta av fjellstyret sin plan for fiskeutsetjing. Når utsetjingsplanen for dei uregulerte vatna vert laga, vert det teke omsyn til kva som er utsett dei siste åra, arealet til vatna, fiskeintensitet, og erfaringar med tidlegare nytta utsetjingsnivå. Arealet til vatna vert henta ut frå fiskestellplanen for Aurland kommune, som vart utarbeidd i 1999. Erfaringa så langt, er at denne praksisen har gjeve høvelege bestandar med fin fisk i dei aller fleste av dei uregulerte vatna

I forvaltingsplanen for Aurland statsallmenning er det m.a. sagt følgjande om fiskeutsetjing:

5-10 setjefisk per hektar vassareal er høveleg årsgjennomsnitt i vatn der det vert fiska ein del. Talet bør ikkje overstiga 20 sommargamle setjefisk pr. hektar i noka einskildutsetjing. Erfaring viser at høgare utsetjingstal kan gje for tette bestandar. Fjellstyret vil halda på ein utsetjingsturnus som inneber utsetjing annakvart år i vatn der det vert fiska ein del, sjeldnare i vatn der det vert lite fiska.

Utsetjinga av fisk bør framleis gjerast på dugnad av interesserte bygdafolk. Som påskjøning for innsatsen vert dei som er med tildelte eit sesongkort for garnfiske.

Med dei snø- og istilhøva me har no, er det vanskeleg å vita kva vatn som vert isfrie i sommar. Eg vil difor føreslå at plan for fiskeutsetjinga vert laga av fjelloppsynet når ein ser korleis det utviklar seg, og i samsvar med tidlegare praksis, skildra i forvaltingsplanen.

Det har vist seg at det kan løna seg å vera varsam med kor mykje ein set ut, og heller setja ut litt i mindre enn å risikera at det vert for tette bestandar. Dette er ein strategi som har vore nytta på heile 90- og 2000-talet, med sær gode resultat i mange vatn, når ein ser på dei flotte fangstane som er tekne opp både på garn og sportsfiske dei siste sesongane.

Framlegg til vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2020 vert gjennomført etter plan som vert laga av fjelloppsynet. Det vert tinga 5000 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

Fjellstyrekontoret, den 16.6.20

Harald Skjerdal